



Statens vegvesen

Radøy skyttarlag
v/ Ing. Taule AS
e-post

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:
2015/008474-010

Dykkar referanse:

Vår dato:
30.06.2015

Svar på spørsmål om byggegrense mot veg - gnr 38 bnr. 1, gnr. 98 bnr. 10 - Radøy skyttarlag

Statens vegvesen viser til dykkar e-post datert 23.04.2015 der de tar opp spørsmålet kring byggegrense mot veg. Vi viser og til synfaringar på staden, sist 11.06.2015.

Vi legg til grunn at det som er vedtatt i hovudutval for plan, landbruk og teknisk 23.01.2013 er ei byggegrense som er i samsvar med Statens vegvesen sin uttale 21.01.2013. Det vil sei at avstanden frå tilkomstveg/parkeringsplass til vegkant fylkesveg 411 skal vere minst 10 meter. Grunngevinga for dette er i all hovudsak trafikktryggleiken på staden og faren knytt til utforkøyringar i svingen.

Vi forstår dykk no slik at de ønskjer å legge veg og parkeringsplass nærmare vegen enn 10 meter. Fordi de har ein godkjent reguleringsplan for området er det kommunen som planmynde som skal fatte vedtak i saka. Ei slik sak kan handsamast som ei planending eller som ein dispensasjon frå reguleringsplanen. Kommunen avgjer korleis dei vil handsame saka. Ettersom Statens vegvesen er vegstyresmakt skal vi høyrast i ei slik sak, jf. plan- og bygningslova §§ 12-8 (reguleringsplan) og 19-1 (dispensasjon).

Vi har no tatt ein runde til der vi har drøfta spørsmålet dykkar om ei byggegrense som er mindre enn 10 meter frå vegkant. Det er viktige trafikkfaglege vurderingar som ligg til grunn for det vi skreiv i vårt brev 21.01.2013. Slik vi ser saka er det ikkje nye opplysningar no som gjer at vi vil opne for bygging nærmare vegen enn dette.

Plan- og forvaltningsseksjonen - Bergen
Med helsing


Odd Høydalsvik
sjefsingeniør


Kari Elster Moen
overingeniør

Kopi: Radøy kommune

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks: